

Vestlandsforskningsnotat nr. 16/2008

# Mangesysleri og innovasjon i distrikts-Noreg

Karl Georg Høyer, Carlo Aall, Eivind Brendehaug, Jan-Erik Weinbach



## Vestlandsforskning notat

<b>Tittel</b> Mangesysleri og innovasjon i distrikts-Noreg	<b>Notatnummer</b> 16/2008 <b>Dato</b> 03.07.08 <b>Gradering</b> Open
<b>Prosjekttittel</b> VS2010 - Nettverk som næringsutviklande kraft i Sogn og Fjordane	<b>Tal sider</b> 20 <b>Prosjektnr</b> 5258
<b>Forskar(ar)</b> Karl Georg Høyer, Carlo Aall, Eivind Brendehaug, Jan-Erik Weinbach	<b>Prosjektansvarleg</b> Carlo Aall
<b>Oppdragsgivar</b> Noregs forskningsråd	<b>Emneord</b> Distriktpolitikk, innovasjon

### Andre publikasjonar frå prosjektet

Hildrum, J. and G. L. Strand (2007). "Overcoming challenges in writing about what action researchers do the promise of the development story." Systemic Practice and Action Research 20(2).

Strand, G. L. (2006). *Forskaren sin fortolkande og deltakande tilnærming. Ein hermeneutisk refleksjon med utgangspunkt i erfaringar i eit bedriftsutviklingsprosjekt i INC Gruppen*. Vestnorsk Nettverk –forskarutdanninga, Bergen, Universitet i Bergen. PhD-kurs vitskapsteori.

VF Notat 13/2004 WISS kartleggingskonferanse 3. og 4. desember 2004

VF Notat 4/2005 INC Engineering kartleggingskonferanse 14. januar 2005

VF Notat 5/2005 WISS kartleggingskonferanse 28. og 29. januar 2005

VF Notat 6/2005 Saga Fjordbase dialogkonferanse 2. februar 2005

VF Notat 7/2005 Kartleggingsseminar med småskalabedrifter i reiselivet i Aurland 17. mars 2005

VF Notat 12/2005 Tillitsvaldkonferanse INC Gruppen 14. og 15. april 2005

VF Notat 4/2006 Tillitsvaldkonferanse INC Gruppen 2. og 3. februar 2006

VF Notat 16/2006 Samarbeidskonferanse INC Gruppen 16. og 17. november 2006

VF Notat 18/2006 Kartleggingskonferanse INC Vedlikehold Svelgen as 18. november 2006

VF Notat 2/2007 Kartleggingskonferanse NBN Elektro og NBN Installasjon 16. mars 2007

ISSN: 0804-8835

Pris: 100 kroner

## Forord

Notatet var opphavleg meint som ein artikkel, men vert av ulike årsaker utvida til eit notat – mellom anna for å kunne utvikle eit meir omfattande resonnement omkring mangesysleri og innovasjon i distrikts-Noreg. Notatet inngår i det avsluttande arbeidet med å dokumentere resultatane frå prosjektet VS2010 - Nettverk som næringsutviklande kraft i Sogn og Fjordane.

Sogndal, 1. september 2008

Carlo Aall  
prosjektleder

## Innhold

<b>INNLEIING</b> .....	<b>5</b>
<b>INNOVASJON OG NETTVERK SOM TEORI OG MOTEORD</b> .....	<b>6</b>
<b>MANGESYSSLERI SOM UTVIKLINGSSTRATEGI I SPREIDDBYGDE STRØK – MED DØME FRÅ SOGN OG FJORDANE</b> .....	<b>9</b>
MANGESYSSLERI SOM OMGREP .....	9
ROLLA TIL MANGESYSSLERIET OG DEI MELLOMSTORE SAMFUNNSBEDRIFTENE I LOKALSAMFUNNSUTVIKLINGA	9
SOGN OG FJORDANE SOM MANGESYSSLERIFYLKE.....	12
SITUASJONEN FOR SMÅKOMMUNANE I SOGN OG FJORDANE .....	13
EKSEMPELBEDRIFTER .....	15
<b>OM VILKÅRA FOR INNOVASJON I DISTRIKTS-NOREG</b> .....	<b>19</b>
<b>REFERANSAR</b> .....	<b>20</b>

## Innleiing

Innovasjon vert i det offentlege ordskiftet ofte knytt til spørsmålet om omstilling i privat og offentlig verksemd for å styrke konkurransekraft, vekst og for å halde oppe sysselsettinga. Det er sterke synspunkt på kva innovasjon kan og bør vere, både ut frå faglege og meir ideologiske ståstader. Med utgangspunkt i situasjonen i Sogn og Fjordane er det interessant å drøfte innovasjonsomgrepet også ut frå distrikts-Noreg sin ståstad: Er det spesielle vilkår knytt til innovasjon i distrikta?

Vi vil knyte drøftinga til fenomenet og omgrepet *mangesysleri*, og drøfte dette i forhold til innovasjons- og nettverksteori. Vi held fram at det vi omtalar som *mangesyslerisamfunn* inngår i andre typar nettverk enn det som gjerne vert sett på som vilkår for god innovasjonsevne i næringslivet; så som næringsklynger og bedriftsnettverk, om dei no er nasjonale eller globale. I mangesyslerisamfunna er nettverk mellom verksemdene og lokalsamfunnet – *samfunnsnettverka* – vel så viktig. Og vidare held vi fram at det skjer andre former for innovasjon i denne typen samfunn i distrikta enn i meir sentrale strøk.

Notatet oppsummerar nokre "på-tvers" erfaringar frå prosjektet Verdiskaping 2010 i Sogn og Fjordane (VS2010 S&F). Prosjektet har fokusert på naturressursbaserte små og mellomstore verksemdar med case frå reiselivsbedrifter i Indre Sogn og skips- og offshorerelatert industri i Florø (Brendehaug og Weinbach, 2006; Hildrum og Strand, 2006). Vidare byggjer notatet på eit tilgrensande prosjekt med same tematikk som VS2010 S&F: eit komparativt europeisk prosjekt med føremål å identifisere gode innovasjonsverktøy for fjellregionar fjellprodukt gjennomført på oppdrag frå organisasjonen Euromontana, eit nettverk av Europeiske fjellregionar. I den norske delen av dette prosjektet inngår tre bedriftscase: Pelletsomn frå Bionordic i Jostedal, geitost frå Underdal stølsysteri og Flåm Utvikling (Brendehaug mfl, 2006). Aurland kommune er felles caseområda for reiselivsbedriftene som inngår i VS2010 S&F og to av dei tre bedriftscase som inngår i Euromontana prosjektet. Dei grunnleggjande teoretiske resonnementa i notatet er ei vidareutvikling av drøftingar i eit notat om distriktpolitikk og utvikling i Sogn og Fjordane laga på oppdrag frå Sogn og Fjordane fylkeskommune (Høyer 2004).

Vi innleier notatet med nokre teoretiske perspektiv og drøftingar knytt til omgrepa *innovasjon* og *nettverk*. Det omfattar også spørsmålet om ulike kunnskapsformer, og deira relasjon til dei to nøkkelomgrepa. Så drøfter vi fenomenet mangesysleri, med fokus på bedrifts- og samfunnsnivået og med eksempel frå Sogn og Fjordane. Avslutningsvis drøftar vi mangesysleri i relasjon til spørsmålet om vilkår for innovasjon i spreiddbygde strøk.

## Innovasjon og nettverk som teori og moteord

Innovasjon er sett i høgsetet. Alle snakkar om det; forskarar, byråkratar og politikarar. Det er det som skal bringe landet framover. Den førre regjeringa la i løpet av kort tid fram to planar om innovasjonspolitikken. Først kom det ein stortingsproposisjon kring virkemidlar for eit innovativt og nyskapande næringsliv i 2002<sup>1</sup>. Etter handsaminga av den vart det tidlegare SND omdøypd til Innovasjon Norge. Seinare er det blitt lagt fram ein nasjonal plan for ein heilskapleg innovasjonspolitikk, med tittelen: *Fra idé til verdi* (i 2003)<sup>2</sup>. Det ser ut til å vere ei ganske eintydig oppfatning at innovasjonspolitikken vil virke sentraliserande. Det framstår klart i retorikken knytt til omgrepet innovasjon at det er i byane framtida ligg; det er byane som skal vere motorar også i innovasjons-Norge.

Men treng det vere slik? Det er nok eit heilt anna spørsmål. Og langt meir samansett. Det kan nok vere slik at sentralisering er ein verknad av den innovasjonspolitikken som blir ført. Men det er ikkje det same som at sentralisering er ein naudsynt føresetnad for å drive innovasjonspolitikk. Konsekvens og føresetnad er jo to heilt ulike forhold. For å kaste lys over dette poenget kan vi ta utgangspunkt i eit sitat frå statsråd *Erna Solberg* si 2002-utgreiing for Stortinget om regional- og distriktspolitikken<sup>3</sup>: "Ved overgangen til kunnskapssamfunnet har mennesker og bedrifter en tendens til å samle seg i byer, selv om teknologisk utvikling i seg selv legger til rette for at mennesker i større grad enn tidligere kan bosette seg der de ønsker. Byenes nærhet og mangfold ser ut til å gi de beste rammene for samspill og dynamikk".

Poenget her er å bruke utsegnet som ein indikator på haldningar i samfunnet som synast å vere dominerande om kva vilkår som er viktige for å få til gode innovasjonsprosessar. Det er ingen naudsynt samanheng mellom den første setninga og den andre. Ja, det er ganske problematisk å slutte det som står sist frå den – heilt rette – skildringa i første delen. Det har nok grunnlag i *einskilde* teoriar, men det er ikkje mykje belegg å finne i empirien. Det kan vere rett at nærleik og mangfald ser ut til å gje dei beste rammene for samspel og dynamikk, men det er ikkje grunnlag for å hevde at byane gjev dei beste *føresetnadene* for nærleik og mangfald. Eit forhold er at det er mange tilstades i byen – difor også mange med høgare utdanning og mange ulike menneskje – men det er ikkje det same som at ein får *substansiell* nærleik og mangfald. Frå mykje byforskning og bysosiologiske studiar opp gjennom åra veit vi at det like gjerne kan vere motsett (Høyer 2004).

Verksemder innanfor personleg og forretningsmessig tenesteyting etablerer seg i første rekkje i byane. Det har med marknad å gjere. Heimemarknaden lyt rett og slett vere størst og breiast muleg. Det gjev større sikkerheit. Slike verksemder er viktige som grunnlag for tilsetning av personar med høgare utdanning. Dei har langt dårlegare føresetnader i distrikta. Dersom det i første rekkje er slike verksemder ein skal satse på i innovasjonspolitikken vil det virke sentraliserande.

Det er også naturleg at personar med høgare utdanning i stor grad søker seg til byane. Det har også med marknad å gjere. Dei er teoretisk flinke, og kan mykje på avgrensa felt. I byane er det mange verksemder som krev same type kompetanse. Det gjev såleis større sikkerheit for den einskilde å flytte til byen. Missar ein arbeidsplassen ein stad, er det andre alternativ å ty til. Slik sikkerheit blir endå større når det er snakk om par der båe har høgare utdanning. Men når det samstundes skjer ei systematisk nedlegging av kompetansebaserte arbeidsplassar i distrikta, blir alternativet å flytte dit – mulegvis attende til heimfylket - stadig mindre attraktivt, for dei einslege så vel som dei toslege.

Innovasjon dreier seg om endring; om målretta, systematisk endring. Det er noko anna enn berre å ha evne til å tilpasse seg til raskt skiftande vilkår. Her er det eit viktig forhold mellom *stabilitet* og *endring*. Stabilitet kan gje dei beste vilkåra for å gjennomføre slike former for endring. Og det er vilkår for ei anna form for innovasjon enn det som består i å importere og kopiere dei endringane som skjer på same måten over store delar av den vestlege verda, slik det er tilfelle for det som vert kalla "modernisering av offentleg sektor". Stabilitet heng saman med omfanget av den *sosiale kapitalen* i eit samfunn. I mykje av den teoretiske og empiriske forskinga om vilkåra for å utvikle *regionale innovasjonssystem* vert sosial kapital tillagt stor vekt<sup>4</sup>. Det er ei form for kapital som vert bygd opp over tid, som byggjer på *tillit* i mange typar relasjonar mellom aktørane, og som føreset relativ stabilitet. Med Jean Paul Sartre – og Dag Østerberg - sin terminologi, så føreset det *sosiale fellesskap som gruppefenomen* og

<sup>1</sup> *St.prp.nr. 51 (2002-2003): Virkemidler for et innovativt og nyskapende næringsliv*. Oslo: Nærings- og Handelsdepartementet.

<sup>2</sup> *Fra idé til verdi. Regjeringens plan for en helhellig innovasjonspolitikk*. Oslo: Nærings- og Handelsdepartementet, 2003.

<sup>3</sup> *Vekst – i hele landet*. Kommunal- og regionalminister Erna Solbergs redegjørelse i Stortinget, tirsdag 30. april 2002.

<sup>4</sup> Sjø m.a. fleire bidrag i: Gammelsæter, H. (red. 2000): *Innovasjonspolitikk, kunnskapsflyt og regional utvikling*. Oslo/Trondheim, Norges forskingsråd: Tapir Forlag.

ikkje som serielle fenomen. Det at det er mange som møtest i byen, er altså ikkje det same som at ein får nærleik og mangfald, eller høg sosial kapital. Mangfald er eit organisk omgrep; det føreset noko som er utvikla over tid, og er noko heilt anna enn at det er mange ting – mange menneskje – tilstades. Det er over tredve år sidan ein i norsk økofilosofi – og i bysosiologi – skilde mellom mangfald som *kompleksitet* og som *komplikasjon*. Kompleksiteten er organisk; ting og tilhøve heng saman. Når det er komplikasjon, er det kompliserte – ikkje komplekse - forbindelsar mellom ting og menneskje. Det kan ofte vere komplikasjon som pregar den seinmoderne byen sitt mangfald.

No er det heller *ikkje* så enkelt at det utan vidare er *storleiken det kjem an på*. I den førre regjeringa sine innovasjonsdokument vert *tverrfaglegheit* og *kreativitet* trekt fram som viktige vilkår for innovasjon. Det kan nok vere rett. Men ikkje minst frå vitskapshistoria og vitskapssosiologien veit vi at det ikkje er *store* strukturar som gjev dei beste føresetnadene for at tverrfaglegheit og kreativitet skal utvikle seg. Tvert om. Det er betydinga av dei småe strukturane – *smågruppene* – som vert trekt fram. Det at det er mange tilstades – og difor også mange som representerer ulike fag – er ikkje det same som at det vert vilkår for tverrfaglegheit. I det norske utdannings- og forskingssystemet er det ingen som har hatt så store problem med å utvikle dette som dei store universiteta, og heller ingen som har etablert så mange ideologiske og organisatoriske sperrer mot å utvikle det (Høyer 2004).

Som når det gjeld innovasjon, snakkar alle også om *nettverk*. Forskarar, byråkratar og politikarar. Innovasjon og nettverk er knytt saman. Nettverk er eit vilkår for innovasjon heiter det. Og det er i integrasjonen i nettverkssamfunnet - gjerne det globale - framtida ligg. Men nettverk kan vere så mangt. Som samfunnsvitskapleg omgrep - dei *sosiale nettverka* - var det opphavleg nært knytt saman med stabilitet og forutsigbarheit. I det globale nettverkssamfunnet - når nettene blir lange - er det heller instabilitet, fleksibilitet og mangel på forutsigbarheit som vert haldne fram.

Det kan vere verdt å minne om Emile Durkheim<sup>5</sup> sine ord om at vitskap dreier seg om å ikkje bli forført av uendelege forandringar i form av sensasjonar, oppfatningar og bilete som flyt på overflaten. Når det gjeld nettverk, er det to prinsipielt nokså ulike måtar å vere integrert i dei på. På den eine sida kan det vere som noko *relasjonelt*, som *relasjonar*. På den andre som *forbindelsar*. Zygmunt Bauman<sup>6</sup> skil mellom omgrepa *relationships* og *connections*. Han meiner at det er tilknytningar i form av "connections" som pregar det seinmoderne nettverkssamfunnet, så langt ein kan nytte eit slikt omgrep. Det relasjonelle er prega av gjensidigheit, nærheit, og er noko som vert bygd opp over tid. Det *søker* stabilitet. Og medan mange nett *søker* etter det relasjonelle, er forbindelsar det beste dei kan få gjennom internett - eller andre delar av nettverkssamfunnet.

Langs ein annan akse kan vi med den amerikanske statsvitaren Charles Perrow<sup>7</sup> skilje mellom to ulike former for nettverksorganisering. Dei kan vere *laust kopl*a, eller dei kan vere *stramt kopl*a. Det er liten slakk i dei stramt kopl a nettverka; informasjonar må vere presise, ressursar kan ikkje substituerast, einskild komponentar som sviktar inneber krise for heile nettverket, mellom anna av di substitusjon med andre komponentar ikkje er muleg. I laust kopl a nettverk treng ikkje informasjonen vere presis, det kan sløssast ein del med forsyningar, utstyr og arbeidskraft utan at det kostar for mykje. Ting kan gjørast om att dersom det blir problem første gongen; og feil gjort i ein einskild komponent fører ikkje til krise for heile eller større delar av nettverket.

Det får bli ein tese i denne omgang at dei seinmoderne nettverka som verkeleg utgjer framtida i første rekkje er prega av *stramt kopl a forbindelsar*. Det gjev ikkje utan vidare dei beste føresetnadene for innovasjon. I mangesyslerisamfunna - og hjå dei samfunnsbedriftene vi omtalar - er nettverka på den andre sida prega av *laust kopl a relasjonar*. Det kan gje gode føresetnader for innovasjon.

Med desse omgrepa får vi ein overgang til spørsmålet om ulike kunnskapsformer. Kunnskap er viktig. Like viktig som innovasjon og nettverk. Ja, dei heng tett saman. Innovasjon skal byggje på kunnskap. Og nettverka er ein heilt sentral del av kunnskapssamfunnet. I planleggingsteorien var det tidlegare vanleg å skilje mellom *funksjonell kunnskap* og *territoriell kunnskap*<sup>8</sup>. Den territorielle kunnskapen er planleggingsfaget sitt opphavlege kunnskapsgrunnlag. Fokus er på spesifikk kunnskap om folk og stader, og betydinga av dei fysisk-romlige variasjonane. Etter at særleg statsvitskapen fekk sitt inntog i planleggingsfaget, er det den funksjonelle kunnskapen som er komen i forgrunnen. Fokus er her på generell kunnskap, som er føresettt å gjelde ubunde av stad og rom. Det er ei kunnskapsform som dominerer i nyliberalismen, og ikkje minst i den tilknytte New Public Management (NPM). Såleis har det vore ein dominerande trend at omorganiseringa av offentleg sektor - eller

<sup>5</sup> Emile Durkheim (1915/1968): *The Elementary Forms of the Religious Life*. London: Allen & Unwin. Se også: John Urry (2003): *Global Complexity*. Cambridge: Polity Press

<sup>6</sup> Zygmunt Bauman (2003): *Liquid Love*. Cambridge: Polity Press

<sup>7</sup> Charles Perrow (1984): *Normal Accidents*. New York: Basic Books

<sup>8</sup> Se John Friedman og C. Weaver (1979): *Territory and Function. The evolution of regional planning*. London: Arnold

innovasjon i offentleg sektor - har bygd på funksjonelle prinsipp, og i stadig større grad har lausreve seg frå den opphavlege territorielle kunnskapsplattforma. Ottar Brox har sagt så illustrerande om dette skiljet: "De vet alt om kroner og øre, og ingenting om folk og steder".

Det seinmoderne nettverkssamfunnet er dominert av funksjonell kunnskap. På den andre sida byggjer våre mangesyslerisamfunn og samfunnsbedrifter i stor grad på territoriell kunnskap. Det er ikkje slik at det første utan vidare ligg nærare opp til kva god innovasjon krev. I innovasjonsteorien ser ein ofte vektlagt omgrep som er nært knytt til den territorielle kunnskapsforma. Vi har m.a. tidlegare peika på at den førre regjeringa framheva *nærleik* og *mangfald* som naudsynte vilkår for innovasjon.



# Mangesysleri som utviklingsstrategi i spreiddbygde strøk – med døme frå Sogn og Fjordane

## Mangesysleri som omgrep

Omgrepet mangesysleri inneber at folk har inntekter frå fleire typar arbeid og arbeidstilhøve. I dette ligg for det første at ein type arbeid åleine ikkje gjev store nok inntekter. Men det har òg ein effekt ei form av auka fleksibilitet; når det er nedgangstider eller problem på eit område kan den samla inntekta sikrast ved å auke arbeidsinnsatsen på andre område. Det er grunn til å tru at denne fleksibiliteten er ein viktig forklaringsfaktor for kvifor Sogn og Fjordane historisk alltid har kome ut med relativt låge arbeidsløysetal i dei periodane det har vore høgt arbeidsløyse nasjonalt. I samfunn prega av mangesysleri vil dette vere meir naturlege tilpassingar enn å melde seg arbeidslaus og gå på trygd. Det har samband med at *mangesysleriet er institusjonalisert*.

Den no avdøde svenske professoren i geografi, Torsten Hägerstrand, er mellom dei som understrekar sambandet mellom mangesysleri og innovasjon<sup>9</sup>. Hägerstrand er far til den såkalla tidsgeografien. Han ser mangesysleri og tverrfaglegheit som to sider av same sak. I begge tilfelle er det tale om prinsippet om samankopling av mange kunnskapselement og praksisformer til eitt samanhengande heile; og då som kontrast til den dominerande utviklinga innan så vel vitenskap som næringsliv med oppsplitting og einssidig spesialisering som berande prinsipp. Ifølgje Hägerstrand gjev både mangesysleri og tverrfaglegheit dei beste føresetnadene for kreativitet og innovasjon, og ikkje minst for å kunne forstå og meistre den verkelege verda av komplekse samanhengar. Den norske økofilosofen Sigmund Kvaløy har gjeve uttrykk for tilsvarande vurderingar<sup>10</sup>. Han understrekar behovet for å utdanne generalistar – og superamatørar – som betre vil vere i stand til å meistre den kompleksiteten som alltid vil dominere den verda der dei fleste av oss må leve sine liv.

Mangesysleri kan analyserast og skildrast på fire ulike nivå. Det er på eit *individuell nivå*, som eit spørsmål om tilpassingar den einskilde gjer. På *hushaldsnivå* er det snakk om tilpassingar som skjer innanfor hushalda, ikkje berre i tilhøvet mellom mann og kone, men òg i mellom fleire hushaldsmedlemmar, t.d. i høve ungdommen som bur heime. Vidare har vi *bedriftsnivå*; det er bedrifter der det er behov for mange ulike typar kunnskap til forskjell frå bedrifter med behov for éin eller få typar spesialkunnskap. Dessutan kan vi snakke om *mangesyslerisamfunn*. Det er samfunn som er sterkt prega av mangesysleri både som individuelle tilpassingar og som tilpassingar i hushalda. I tillegg byr dei lokale samfunna i slike høve gjerne på viktige eigne føresetnader for mangesysleriet. Det er ikkje berre snakk om ekstra inntekter som vert henta utanfrå, slik det i stor grad var i samfunnsvitaren Ottar Brox sine klassiske skildringar av *fiskarbonden* og fiskarbondeshushalda, som også har vore vanleg på kysten av Sogn og Fjordane. Mangesysleri har ikkje berre eksistert innanfor dei tradisjonelle primærnæringane. Sidan sist på 1940-talet har denne form for tilpassing eksistert i stort mon med dei omreisande *anleggsmøndene*, først knytt til den store perioden for vasskraftutbygging, og seinare ved oljeutbygginga i Nordsjøen.

Det er særleg to strukturelle forhold som er avgjerande i å byggje opp under mangesyslerisamfunna slik vi ser dei i dag i Sogn og Fjordane: Småkommunane og delen sysselsett i kommunal sektor, og dei mellomstore samfunnsbedriftene. Her skal vi konsentrere oss om det siste og relasjonen mellom bedrift og lokalsamfunn.

## Rolla til mangesysleriet og dei mellomstore samfunnsbedriftene i lokalsamfunnsutviklinga

*Stabilitet* – ikkje endring - er eit avgjerande trekk ved relasjonane mellom det vi har valt å kalle samfunnsbedriftene og lokalsamfunna. Relasjonen mellom bedrift og lokalsamfunn gjer seg utslag på to måtar. Ved at relasjonane er stabile, gjev bedriftene grunnlag for å oppretthalde et langvarig mangesysleri lokalt. Dette forholdet – at det er grunnlag for mangesysleri – gjev også gode føresetnader for å utvikle den type nye verksemder som er avhengig av god tilgang på mange og ulike typar produksjonskunnskap lokalt. Det første dreier seg om *stabilitet* i *jobbtilbodet*, medan det andre dreier seg om *kreativitet* i *jobbskapinga*. I begge tilfelle er det mangesysleriet som er det berande elementet. Dette gjev samstundes eit skjebnefelleskap; om det første

<sup>9</sup> Sjø: Hägerstrand, T. (1991): *Om Tidens Vidd och Tingens Ordning. Texter av Torsten Hägerstrand*. Rapport T21: 1991. Stockholm: Statens Råd för Byggnadsforskning

<sup>10</sup> Sjø: Kvaløy, S. (1973): *Økofilosofisk Fragment IV*. Trondheim: Tapir Forlag, og: Kvaløy, S. (1985): *Grønn Pepper i Turbinene – Til Ære for Sigmund Kvaløy Setereng*. Oslo: Universitetsforlaget.

fell bort (det stabile jobbtilbodet) er det fare for at føresetnadane for det andre (dei kreative jobbskapingprosessane) også fell bort. Og det er denne rekkefølga at den negative utviklinga kan skje. Då er det eit tankekor at mykje av merksemda i den offentlege debatten og politikken omkring regional utvikling er knytt til jobbskapinga; og då som ein kompensasjon for at stabiliteten vert redusert ved at samfunnsbedrifter vert lagt ned. I det vidare vil vi diskutere begge desse perspektiva – stabilitet og kreativitet – og vi vil bruke empiri knytt til nyskapingar i eit tal lokalsamfunn for å vise skjebnefellesskapen mellom det mangesyssleriet stabiliteten har gitt grunnlag for og korleis dette har gitt grunnlag for kreativitet i jobbskaping.

Stabiliteten ligg her i at det er tilstades eit grunnlag for mangesyssleri, ein stabilitet som bedrifta sin fleksibilitet byggjer opp under. Bedrifta har då ein viktig funksjon i å vedlikehalde samfunnet sin *sosiale kapital*, ein kapital som bedrifta sjølv er avhengig av. Dei er *samfunnsbedrifter*, og vår tese er at det er denne eigenskapen som i første rekkje kan forklare deira utvikling – og suksess. Det er snakk om suksess i den forstand at bedriftene over lang tid har synt evne til å oppretthalde ein produksjon utan større "nedbemanningar" og "omstruktureringar". Sjølv sagt har det vore vanskelege periodar med permitteringar. Sjølv sagt har bedriftene nokre gonger vore nær konkurs. Men det har då vore lett å starte opp att med di dei same arbeidarane er stabilt tilgjengelege i det nære samfunnet rundt. Bedriftene har synt evne til endring når det har vore naudsynt; dei har slik sett vore innovative. Tesen vår omfattar også at det er funksjonen som samfunnsbedrifter som gjev dette grunnlaget for innovasjon. Det går vi nærare inn på i ekskursen nedanfor.

Dei står i skarp kontrast til dei seinmoderne, kunnskapsintensive og globalt orienterte bedriftene som den nasjonale innovasjonspolitikken tek sikte på å fremje; og står i stor grad utanfor den globale nettverksøkonomien. Fleksibilitet er eit grunnleggjande trekk ved dei nye, globale bedriftene. Her er det ingen "langtidskontraktar", korkje frå bedrift til dei tilsette eller frå dei tilsette til bedrift. Våre samfunnsbedrifter er òg fleksible. Men det er ein *fleksibilitet som føreset stabilitet*, arbeidstakarane kan rekne med at bedriftene er der også i framtida, og bedriftene kan tilsvarende rekne med at dei tilsette dei til ein kvar tid treng er der. Det er ikkje grunnlag for å hevde at det har gjort bedriftene mindre innovative.

For framtida til samfunnsbedriftene og deira småsamfunn er det avgjerande å sikre lokalt/regionalt eigarskap. Når det er trong for det, må offentlege fondsmidlar kunne nyttast til føremålet. Det er grunn til å anta at den differensierte arbeidsgjevaravgifta har vore viktig for fleire av bedriftene. Gjennom sine perifere lokaliseringar er bedriftene utsette for distriktspolitikken sitt mest klassiske problemfelt: generelle avstandsproblem og store transportkostnader knytt til både inn- og utstraumar. For å styrke bedriftene krev det bruk av nokre av distriktspolitikken sine klassiske virkemidlar: transportstøtte, marknadsføringsstøtte, og investeringsstøtte.

Vår tese er at mangesyssleriet er viktigare for utviklinga i spreiddbygde fylke som Sogn og Fjordane enn i andre delar av landet. Det gjeld både som tilpassingar for individ og hushald, men òg som heile samfunn; mangesysslerisamfunna. På alle tre nivå synest mangesyssleriet å vere eit særleg viktig grunnlag både for folketal og busetnadsmønster i fylket. Likevel er dette eit område med lite systematisert kunnskap. Dei fleste norske analysane som er gjort ligg tjuge til tretti år tilbake i tid, og omfattar andre typar samfunn enn vi har i Sogn og Fjordane. Det understrekar eit *behov for forskning på feltet*, både knytt til framskaffing og analysar av statistiske data og i form av meir grunnleggjande samfunnsanalysar og djupnestudiar.

Mangesyssleriet er utsett for fleire trugsmål. Det er grunn til å tru at dei to viktigaste er *endringar i landbrukspolitikken* og *endringar i statlege overføringar til småkommunane i distrikta*.

Viktige endringar i *landbrukspolitikken* er både reduserte overføringar og forverra vilkår for å kunne drive som deltidsbonde. Landbruket er ei kjerne for mangesyssleriet på fleire måtar. Inntekter frå produksjonen er i seg sjølv viktig, men landbrukseigedomane gir i tillegg grunnlag for anna arbeid og andre inntektskjelder. Det kan vere knytt til alt frå hyttebygging og –utleige til vedhogst og sal av ved. Også landbruksmaskinene – i første rekkje traktorane – tener som inntektskjelder for anna arbeid, t.d. i samband med snømåking i kommunale bustadområde. Samstundes byr gardstuna på gratis hustomter for ungdom og slektningar og med det grunnlag for låge bustadkostnader gjennom felles innsats. Ulike former for landbrukstenande service- og industriverksemd med tilknytte arbeidsplassar er direkte avhengig av talet gardsbruk og storleiken på produksjonen, og er dessutan sjølve viktige delar av mangesyssleriet.

I Sogn og Fjordane er det eit klassisk, historisk samband mellom *reiselivet* og *mangesyssleriet*. Ovanfor peika vi på hyttebygging og hytteutleige som ei slik kopling, men det gjeld sjølv sagt òg campingplassar. Sjølv i bygdebyane i fylket veit vi at hotella er heilt avhengig av fungerande mangesyssleri strukturar. Og historisk er det vel kjend at det var bøndene sjølve som på 1960-talet oppdaga dei nye inntektsmulegheitene som opna seg med den aukande biltrafikken langs vegane, etter opphevinga av restriksjonane på bilimporten i 1960. Men det er eit mykje eldre samband enn som så. Allereie på 1800-talet hadde bøndene viktige biinntekter frå hesteskyss av

turistar til og frå hotella. Og knytt til hotelldrifta var det ikkje minst ulike former for deltidsarbeid for kvinnene på gardane. Mykje tyder på at dette *symbiotiske tilhøvet* mellom *reiseliv, landbruk og mangesyssleri* er like viktig i dag, og at det er eit avgjerande vilkår for den vidare utviklinga av reiselivet i fylket. Det er berre blitt meir påtrengande gjennom den attgroinga av kulturlandskapa som følgjer med endringane i landbrukspolitikken.

Den andre viktige endringa i denne samanhengen gjeld endringar i økonomiske rammevilkår for småkommunane. Det er snakk om reduserte statlege overføringar, og endringar som relativt kjem dei folkerike, urbane kommunane til gode. Etter fleire tiår med samanhengande vekst i talet på arbeidsplassar i småkommunane står ein no andsynes den motsette situasjonen; det er i ferd med å skje reduksjonar og oppseiingar. Så langt har veksten i småkommunane vore eit viktig grunnlag for mangesyssleriet. Deltidsarbeid i kommunen har gitt grunnlag for viktige inntektskombinasjonar både på individuelt nivå og i hushalda.

I meir enn tretti år har det vore ein samanhengande vekst i talet på arbeidsplassar i kommunesektoren, også i Sogn og Fjordane. Veksten var særleg sterk på 1970- og 1980-talet, men har òg halde fram på 1990-talet. Dette er naturleg nok ein av dei viktigaste årsakene til at ein i rimeleg grad har evna å halde opp det spreidde busetnadsmønstret i fylke som Sogn og Fjordane og dermed også unngå ein reduksjon i det samla folketalet og slik sett bidra til å oppfylle det nasjonale busetnadsmålet i distriktpolitikken. Men denne situasjonen har endra seg mykje dei siste tiåra. Sidan midten på 1990-talet har det vore fleire vesentlege endringar i inntektssystemet for kommunesektoren. Dette er endringar som systematisk har vore til relativ føremon for urbane område og som har vore med å forverre vilkåra for distriktskommunane. Nye endringar er på gang som vil gje ytterlegare forverring. Ei rekkje av småkommunane våre er allereie i ein særst vanskeleg økonomisk situasjon, sjølv om det er unntak mellom kommunane med store inntekter frå kraftsektoren. Reduksjonar i tal tilsette er gjennomført i fleire kommunar, og nye reduksjonar vil kome dersom det ikkje vert gjennomført ein ny politikk for å betre småkommunane sin økonomi. Som vi har gjort greie for er konsekvensane ikkje berre lågare kvalitet på kommunale velferdstenester, men òg at *ein misser sentrale delar av grunnlaget for mangesyssleriet*.

I den *store* distriktpolitikken kan særlege virkemidlar retta mot å utvikle det *multifunksjonelle landbruket* bidra til å styrke grunnlaget for mangesysslerisamfunna. I den *lille* distriktpolitikken vil virkemidlar direkte retta mot utviklinga av *reiselivet* vere viktige. Dessutan gjeld det *bygdeutviklingsmidlar*. Det er då trong for ei monaleg styrking av desse midlane over statsbudsjettet, og ei klårare prioritering av bruken til det distriktpolitiske virkeområdet. Dei samla nasjonale BU-midlane har blitt *halvert* det siste tiåret, frå 320 millionar kroner i 1994 til 143 millionar i 2003. Det er i denne perioden midlane formelt har vore ein del av den næringsretta distriktpolitikken. Om lag 30 prosent av midlane er gått til kommunar utanfor det distriktpolitiske virkeområdet<sup>11</sup>.

Mangesyssleri kan knytast til ein skilnad vi gjer mellom *dei lokale* og *dei globale*. Dei lokale er innstilte på å bli verande og klore seg fast så godt dei kan, og innrettar sine lokalt tilknytte utdannings- og arbeidsvegar – og sine liv - i samsvar med det. Slik sett er dei det faste – eller trufaste – grunnlaget for å oppretthalde busetnaden. Ottar Brox gjev uttrykk for at det i røynda er dei fleste som er lokale<sup>12</sup>: "Selv om noen av oss ferdes som fisken i vannet i og mellom alle slags samfunn, lever de aller fleste mennesker sitt liv lokalt, og mange av dem har begrenset kapasitet for å tilpasse seg til nye, kulturelt komplekse situasjoner". Brox understrekar at det at nokre – dei globale – ferdast som fisken i vatnet, ikkje kan legitimere nedbrytinga av dei levedyktige og relativt homogene lokale samfunna.

Dei lokale er gjerne *praktisk flinke*, og då flinke på fleire område. Denne *multifunksjonaliteten* på individuelt nivå er eit avgjerande grunnlag for mangesyssleriet; dei har mange ulike former for kunnskap som kjem til nytte innanfor høgst ulike arbeidstilhøve. Men den er òg viktig på samfunnsnivået, for mangesysslerisamfunna. Multifunksjonelle individ kan alle bidra med sitt for å vedlikehalde naudsynete fellesstrukturar, med lågare kostnader enn ei elles ville hatt. Dessutan kan dei byte tenester med einannan, slik at t.d. bukostnadene blir monaleg lågare for kvar og ein. Slik allereie Ottar Brox skildra det frå Nord-Norge er låge bukostnader eit viktig grunnlag for at folk – dei lokale - vel å klore seg fast så godt dei kan<sup>13</sup>. Dei kan leve rimeleg gode liv sjølv utan eitt fast arbeidstilhøve, og det er slett ikkje sikkert at deira totale økonomi blir betre om dei flyttar til byen. Med dei seinmoderne utviklingstrekkja vi har hatt etter at Brox gjorde sine analysar for vel tretti år sidan, er det dessutan blitt slik at også byen i større grad byr på mellombelse arbeidstilhøve og deltidsarbeid. Det er den ny-urbane forma for fleksibilitet, som ikkje minst dei nye, kunnskapsintensive og globalt orienterte bedriftene er prega av. Den reduserte tryggleiken som byane

<sup>11</sup> Om BU-midlane sjå hovedrapporten frå Effekttutvalet (*NOU 2004:2*, kap. 6). Sjå også Håvard Teigen (2003) sin rapport til Effekttutvalet: *Effektar av den smale distriktpolitikken*. [www.oeffektutvalget.dep.no](http://www.oeffektutvalget.dep.no)

<sup>12</sup> Ottar Brox i kommentar i Dagbladet 06.02.99.

<sup>13</sup> Sjå referansane i noten om Ottar Brox sine analysar ovanfor.

byr på, gjer at dei kan framstå som endå mindre attraktive å flytte til. Det kan vere større tryggleik i mangesyslerisamfunna si form for fleksibilitet, enn i byane sitt deltidsarbeid og mellombelse arbeidstilhøve.

### Sogn og Fjordane som mangesyslerifylke


I Sogn og Fjordane har vi ei rekkje mindre tettstader der små- og mellomstor bedrifter utgjer eit avgjerande grunnlag for samfunnet. Samfunna er gjerne tettstader – eller småsamfunn – med nokre hundre innbyggjarar. Dei finst over heile fylket, og er ei viktig samfunnsform med mange særtrekk. Bedriftene det gjeld har i mange tilfelle ei lang utviklingshistorie som integrerte delar av desse samfunna. Oftast er det også berre tale om relasjonen mellom samfunnet og ei bedrift. Det er ikkje tale om den seinmoderne forma for cluster, eller klyngedanning av bedrifter. I den grad vi kan nærme oss bruken av eit omgrep som cluster, så må det vere å finne nett i dei mangfaldige og nære relasjonane til samfunna som den einskilde bedrifta inngår i. Det er då snakk om eit cluster mellom bedrift og samfunn, noko som gjev grunnlag til også å nytte omgrepet samfunnsbedrift om denne typen bedrift. Ofte er det også sjølvstendige bedrifter, ikkje delar av konsern eller kjeder. Og dei er sjeldan deltakarar i noko meir omfattande og formalisert nettverk med andre bedrifter, om det no er horisontale eller vertikale nettverksrelasjonar. Dei er såleis ikkje integrerte i den sokalla nettverksøkonomien. Samstundes har dei kontaktar ut av lokalsamfunnet for å f supplere eiga kompetanse – ei form for *selektive* nettverk. Det interessante er at dei på den måten klarer å finne fram til den ekstreme kompetanse dei har bruk for utan at dei treng inngå i formaliserte nettverk. For å forklare bedriftene si utvikling kan nok eit omgrep som *nettverk* gje meining, men då først og fremst i si opphavlege meining i samfunnsvitenskapen: som integrerte delar av samfunna sine *sosiale* nettverk. Over har vi gitt desse nettverka nemninga *laust kopla relasjonelle*.

Sogn og Fjordane er eit typisk eksempel på eit mangesyslerifylket. Dette forholdet får vi fram gjennom to figurar.

Den første figuren (*Figur 1*) syner forholdet mellom talet på registrerte arbeidstilhøve og talet på personar med registrert lønsinntekt. Forholdstalet – eit for 1997 og eit for 2002 – er vist for kvart fylke. Sogn og Fjordane ligg relativt høgt saman med andre utprega distriktsfylke som Nord-Trøndelag og dei tre nordlege fylka. Eit utprega industrifylke som Østfold ligg tilsvarande lågt.


På den motsette aksen syner same figuren forholdstalet mellom enkeltmannsføretak med 0 til 4 sysselsette over talet personar i arbeidsstyrken. Det er valt å avgrense storleiken på enkeltmannsføretaka til 4 sysselsette for å framheve ein type føretak som ofte er kombinert med anna arbeid. Dette vil særskilt være gjeldande innan primærnæringane, men og i andre næringar er det mange som driv små føretak i kombinasjon med anna arbeid. Tala er frå år 2000. Sogn og Fjordane peikar seg ut med eit høgt tal for deltidsarbeid – forholdstalet vårt – og eit stort tal enkeltmannsføretak per person i arbeidsstyrken. I fylket er det om lag 0,13 enkeltmannsføretak per person, medan det tilsvarande talet er mindre enn halvparten i Oslo. Det understrekar at deltidsarbeidet – som indikator for mangesysleri – har ein heilt ulik struktur i dei to fylka.

I Sogn og Fjordane er det grunn til å tru at det i større grad er arbeidstilhøve som blir inngått under kontroll av den einskilde og hans nære omgjevnader. Det er stor prinsipiell skilnad på ein fleksibilitet som er knytt til at ein stadig må skifte arbeidsplass, og ein fleksibilitet som er knytt til at ein kan utnytte fleire former for deltidsarbeid som er stabilt tilgjengelege over tid.



**Figur 1** Talet arbeidsforhold (pers x org.nr) etter likningskommune over talet personar med løn (kode 111A i LOT registeret) etter likningskommune, fordelt på fylke. Samanlikna med talet enkeltmannsforetak med 0-4 sysselsatte, per person i arbeidsstyrken

Den andre figuren (Figur 2) syner forholdet mellom talet på registrerte arbeidstilhøve og talet på personar med registrert lønsinntekt for kvar kommune i Sogn og Fjordane. Det framgår av figuren at det gjennomsnittleg er om lag 1,6 arbeidstilhøve per person med lønsinntekt. Skilnadene mellom kommunane er relativt store. Naturleg nok er det særleg låge tal i dei einsidige industrikommunane Årdal og Høyanger. Gjennomsnittstalet er noko lågare i 2002 enn i 1997. Nokre kommunar peikar seg også ut med relativt store reduksjonar i perioden. Det er i første rekkje kommunane Hyllestad, Balestrand, Gaular og Stryn. Hornindal er den einaste kommunen med ei markert auke.



**Figur 2** Talet arbeidsforhold (person x org.nr) etter likningskommune over talet personar med lønn (kode 111A i LOT-registeret) etter likningskommune

### Situasjonen for småkommunane i Sogn og Fjordane

Korleis er så tilstanden for småkommunane i Sogn og Fjordane? Ifølgje dei offisielle definisjonane har ein småkommune i dag mindre enn 3200 innbyggjarar. Med Sogn og Fjordane som case nyttar vi omgrepet i ei noko vidare tyding. Det gjeld i første rekkje dei kommunane i fylket som korkje har byar/bygdebyar eller omfattande statleg eller fylkeskommunal verksemd. Det gjer t.d. at sjølv om Leikanger har om lag 2200 innbyggjarar inngår den ikkje i vårt omgrep fordi det her er eit stort innslag av offentlege arbeidsplassar (vegvesenet,

fylkeskommunen, trygdeetaten og fylkesmannen). På den andre sida inkluderer vi kommunar som Bremanger med om lag 4000 innbyggjarar, og Luster med nesten 5000 innbyggjarar. Vi reknar ikkje dei respektive kommunesentra Svelgen og Gaupne som bygdebyar i same grad som dei andre. Dei kommunane det gjeld er gjennomgåande prega av mykje spreidd busetnad og fleire mindre tettstader med store avstandar imellom. I dei fleste av våre kategoriar av småkommunar i Sogn og Fjordane er det meir enn 25 prosent av dei sysselsette som er tilsette i kommunal forvaltning. I to av kommunane innanfor gruppa – Aurland og Balestrand – er denne delen jamvel nærmare 35 prosent. Dei andre kommunane – dei med byar/bygdebyar og/eller meir omfattande statleg eller fylkeskommunal verksemd – har gjerne tilsvarande delar ned mot 15 prosent av dei sysselsette. Det understrekar kor viktig tilsetning i kommunal sektor er for småkommunane.

I *Tabell 1* summerer vi nokre data for våre utvalde småkommunar. Av fylket sine 26 kommunar har vi vald ut 15 småkommunane. Det framgår at alle dei 15 har hatt netto utflytting det siste tiåret. Mest alle saman har òg hatt nedgang i det totale folketalet i den same perioden. Mellom fleire av kommunane finn vi nokre av dei lågaste delane av dei sysselsette med høgre utdanning. Det er tre kommunar i fylket som har ein lågare del enn 20 prosent. Alle desse høyrer til vår gruppe av småkommunar. Her må det understrekest at gjennomsnittet for landet ligg på om lag 27 prosent, medan det er 23 prosent i Sogn og Fjordane. Det er åtte kommunar som ligg under dette gjennomsnittet for fylket. Seks av dei er i vår gruppe av småkommunar, medan dei to andre er industrikommunane Høyanger og Årdal.

Med unntak for nokre som har større kraftinntekter, framgår det vidare av tabellen at desse småkommunane gjennomgåande har ein særst vanskeleg økonomi. Sogn og Fjordane er det fylket i landet med relativt flest kommunar innmeldt i det sokalla ROBEK-registret, og som då er underlagt statleg tilsyn og kontroll. Vinteren 2006 gjaldt det 11 av dei 26 kommunane i fylket, og er den dominerande situasjonen innanfor vår gruppe av småkommunar. 10 av desse 11 er blant vårt utval av småkommunar (den 11. kommunen er Gloppen). Dei kommunane som har dei aller største økonomiske problema høyrer til denne gruppa.

**Tabell 1** Tal for folketalsutvikling, kommuneøkonomi og del sysselsette med høgre utdanning for utvalde småkommunane i Sogn og Fjordane

Kommune <sup>14</sup>	Folketal 2003	Nettoflytting, tal personar 1993-2003	Netto driftsresultat 2002, prosent <sup>15</sup>	Akkumulert resultat 2002, prosent <sup>16</sup>	Del sysselsette med høgre utdanning 2002, prosent
<b>Gulen</b>	2 450	-85	-7,0	-13,5	22,5
Solund	904	-100	+0,2	0,0	23,7
<b>Hyllestad</b>	1 537	-116	-4,7	-4,6	19,2
<b>Vik</b>	2 901	-136	-2,5	-8,8	23,8
<b>Balestrand</b>	1 505	-80	-7,7	-13,4	30,4
Aurland	1 781	-67	+0,9	-6,9	24,7
Luster	4 926	-219	+2,0	+2,2	27,2
<b>Askvoll</b>	3 314	-216	-1,1	-4,6	22,8
<b>Fjaler</b>	2 927	-146	-5,1	-5,5	24,9
<b>Gaular</b>	2 797	-138	-9,1	-5,6	25,2
<b>Jølster</b>	2 974	-109	-7,1	-4,5	26,4
<b>Naustdal</b>	2 731	-84	-11,3	-8,5	24,8
Bremanger	4 077	-284	+2,3	0,0	19,5
<b>Selje</b>	3 046	-239	-1,4	-1,0	16,4
Hornindal	1 195	-69	+2,8	+2,2	24,1


*Figur 3* syner delen av dei som er sysselsette i kommunal forvaltning i høve alle sysselsette (16 – 74 år). Det er gitt tal for alle kommunane i fylket. Gjennomgåande er det vår gruppe av småkommunar som ligg høgst, nokre med delar på 30-35 prosent. By- og bygdebykommunane har langt lågare delar, 15-20 prosent. Førde ligg jamvel under 15 prosent. Figuren understrekar kor viktig arbeidsplassar i kommunal sektor er i småkommunane. Når vi summerer delane for sysselsette i all tre kategoriar offentleg forvaltning (kommunal, fylkeskommunal og statleg) finn vi at det er relativt små variasjonar mellom kommunane. Vi får eit gjennomgåande bilete av ein

<sup>14</sup> Kommunar med feit skrift er med på den såkalla ROBEK-lista (per 28.03 2006, jf <http://www.odin.no/krd/norsk/tema/databaser/robek/kommuner/bn.html>)

<sup>15</sup> Tala viser netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter. Det gjev eit uttrykk for kommunane sitt handlingsrom. Kjelde: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

<sup>16</sup> Tala viser akkumulert rekneskapsresultat i prosent av driftsinntekter. Store negative tal inneber store akkumulerte underskot. Kommunelova krev at underskot skal dekkast inn over maksimalt fire år. Fleire av kommunane har problem med å tilfredsstillte dette kravet. Kjelde: som ovanfor

sysselsettingsdel i offentlig sektor på 35-40 prosent. Det tilseier at det bør vere ein sysselsettingsdel på 30-35 prosent i kommunal forvaltning i småkommunane for å oppretthalde ein rimeleg stabilitet, ikkje minst som grunnlag for å rekruttere tilbakeflyttarar med høgre utdanning. Samstundes understrekar desse tala alvoret i situasjonen, når småkommunane er utsette for reduksjonar både i kommunal og statleg sektor.



**Figur 3** Personar mellom 16 og 74 år sysselsett i kommunal forvaltning etter bustadkommune, prosent av samla sysselsetting 2002

### Eksempelbedrifter

Vi flytter no blikket frå eit fylkesperspektiv til eit bedriftsperspektiv. Vi har valt tre eksempelbedrifter. Dette er eksempel på det vi over har definert som kreativ jobbskaping basert på stabilitet lokalt. Eksempla har alle element av mangesyssleri på fleire nivå i seg, med kanskje Underdal Stølsysteri som det mest karakteristiske - der mangfaldet av kompetanse og arbeidserfaring i tre hushald er grunnlaget for etablering, men kor bedrifta er avhengig av andre bedrifter i bygda (t.d. handelsmannen). Våre eksempelbedrifter er av svært ulik storleik målt i omsetnad og type produksjon, men har altså det til felles at dei inngår i den typen innovativ småsamfunns- og bedriftsutvikling som vi har omtalt over.

**Tabell 2** Eksempelbedriftene

Bedrift	Næring	Produkt	Årsomsetnad	Lokalsamfunn
Bionordic AS og Jostedalen industrier	Verkstadindustri	Pelletsomnar	6 mill NOK <sup>17</sup>	Jostedalen, Luster kommune
Flåm utvikling	Reiseliv	Transport og overnatting	47 mill. NOK	Flåm, Aurland kommune
Undredal gardsysteri	Landbruk	Geitost	1,3 mill NOK	Undredal, Aurland kommune

### Bionordic AS og Jostedalen industrier

Lokalisering i næringsklynger og bedriftsnettverk vert gjerne framstilt som eit vilkår for å få til gode innovasjonar i næringslivet, men våre case viser at det ikkje er naudsynt så lenge ein har evne til å knyte til seg den

<sup>17</sup> Budsjett for 2006.

kompetansen og dei ressursane ein treng på andre måtar. Eitt slik eksempel er Bionordic AS (BN) og Jostedalen industriar (JI) i spreiddbygde Jostedalen, som ligg tett opp mot Jostedalsbreen og svært langt frå nokon innovativ næringsklynge. BN produserar pelletsomnar og JI produserar operasjonsbord. BN er knoppskyting frå JI.

Jostedalen Industriar (JI) tok form då grundar K. Brun vart permittert frå Luster Mekaniske Industri. Samtidig var det eit ledig industrilokale til sals i Jostedalen. Brun kontakta sin Onkel Snøtun, som i 30 år har selt operasjonsbord i Noreg. Dei hadde tidlegare sysla med tanken om å starte produksjon av operasjonsbord, og no kunne dette prøvast. Snøtun hadde marknadskunnskap og idear til ein ny generasjon operasjonsbord. Brun er problemløysar av natur og har mekanisk og teknisk kompetanse. I tillegg har dei knytt til seg lokale personar med elektronikk kompetanse. Brun og Snøtun fekk så med seg Førde sentralsjukehus. Dette skjedde rett og slett ved at ringte til sjukehuset og spurte om dei var interessert i å diskutere spørsmålet om utvikling av ein ny type operasjonsbord. Og for å gjere historia kort: JI har no ein marknadsdel på operasjonsbord i Noreg på om lag 60 prosent.

Men sjølv med suksess, så såg K. Brun seg etter nye utfordringar. For å skape langsiktige arbeidsplassar var det behov med fleire bein å stå på. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane starta i 2002 det såkalla Naturbruksprosjektet. Målet til naturbruksprosjektet var å få til auka verdiskaping i og ved utvalde verneområde gjennom natur- og kulturbasert næringsutvikling. JI vart invitert til å ta del i prosjektet. Her var fokus på om det var mogeleg å nytte Jostedalen sine naturressursar til ny verdiskaping. I Jostedalen som i mange andre delar av Vestlandet veks skogen seg tettare og nærmare busettinga. Ideen om å lage pellets til fyring blei lansert, men dei konkluderte fort at avstanden til marknaden ikkje var eigna for å selje volumvarer. "Går det an å lage pelletsomn då?" var det ein som spurte. Ein omn blei innkjøpt og plukka sund. K. Brun fant fort ut at kvaliteten på omnen var så dårleg at dette kunne han gjere betre. Visjonen blei då å lage verdas beste pelletsomn. Det tok tre år frå dei starte fram til dei hadde ferdig utvikla den første norske pelletsomnen. Bionordic AS er verksemda som sel og produserar dette innovative produktet med avanserte mekaniske og elektroniske løysingar. Utviklingi er gjort i nært samarbeid med SINTEF og eit designbyrå. Omnen har den desidert høgaste verknadsgraden (93-97 prosent) og det desidert lågaste utsleppet av partiklar av alle omnar på marknaden. Omnane er nyleg lansert på den norske marknaden, og dei næraste åra vil vise om produktet også er ein kommersiell suksess.

### Flåm utvikling

Dei internasjonale ambisjonane var også til stades når ordføraren i Aurland kommune midt på 1990-talet forstod at NSB var i ferd med å trappe ned drifta på Flåmsbana. Han tok initiativ for lokal drift av bana for å hindre nedlegging, og sikre utvikling av bana som ein motor for reislivsnæringen i området. Fleire bedrifter i området var avhengig av drift på Flåmsbana. Ordføraren fekk gjennomført økonomiske analysar av eksterne kunnskapsmiljø som viste at det var mogleg å utvikle kommersiell drift, men ikkje av Flåmsbana isolert. Ein måtte sjå fleire element i samanheng, som ein heilskap, for å utvikle forretningsmessig drift. Heilskapen bestod av Flåmsbana, hotellutbygging, hamneutbygging, båttrafikk på fjorden, sesongutviding og satsing på opplevingar for å få folk til å stoppe opp.

Erfaringane frå Flåmsbaneprojektet, tidlegare på 1990-talet, var at deltakarane (NSB, Fylkesbaatane, Aurland kommune) ikkje gjekk heilhjarta inn i det – dei mangla langsiktig satsing og eigarskap til totalproduktet. Alle vart fokusert om å yte minst mogleg, men å få mest mogleg igjen sjølve. Lærdommen var at dette måtte byggast og organiserast ved hjelp av felles pengar for realisering av felles strategiar. Saman med eksternt kompetanse arbeidde ordførar og rådmann i det stille med å få oppslutning om planane hos NSB og Fylkesbaatane. NSB ved dåverande direktør Ueland vart fascinert av totalkonseptet, og gjekk med på å overlata den forretningsmessige drifta av Flåmsbana til Flåm Utvikling 1. januar 1998. Dette viser entreprenørskap med evne til å byggje på eit mangfald av kunnskap kombinert med strategisk leiing.

Utfordringa for kommunen vart så å finne langsiktig kapital for å realisere den omfattande planen. Det fant kommunen ikkje, og det enda opp med at kommunen sjølve saman med Aurland Sparebank ytte kapital ( 10 millionar kroner) for stifting av Aurland Ressursutvikling Aurland ytte 60 prosent, mens Aurland Sparebank resten. Etableringa av Flåm Utvikling vart så gjort av Aurland Ressursutvikling (41 %), NSB (49 %) og Fretheim hotell (10 %).

Modellen som vart valt var inspirert av Norsk Vekst, og har sidan starten vore det berande elementet i arbeidet: Det handla om å sy saman dei naudsynte strategisk avhengige funksjonane som ville skape ein utviklingsmotor



for området. Tidlegare ordførar Underdal understrekar deira behov for å tenkje langsiktig, det var nok av aktørar som var viljug til å delta ut frå kortsiktige interesser<sup>18</sup>:

Utan det heilskaplege konseptet ville det ikkje gått. Vi kunne ikkje gjort desse investeringane utan langsiktige investorar. Det var to moglege tabbar, anten å satse berre på Flåmsbana, eller utvikle ein fullstendig monopolist på alle funksjonar. Vi valte å gå inn i dei strategisk viktige elementa og stilte krav om at dei som gjekk inn i AR måtte ta ansvar for heilskapen og vere langsiktige, og at kvar krone skulle investerast på forretningsmessig grunnlag.

### Underdal Stølsysteri

Utvikling av Underdal Stølsysteri strekkjer seg tilbake til 1980-talet då fire gardbrukarar starta felles ysteri på setra for somarproduksjon av geitost. Før den tid ysta dei kvar for seg på setra og leverte mjølka til Norsk Meierier i vinterhalvåret. Endring i framtidige nasjonale og internasjonale rammevilkåra gav nye utfordringar for geitebøndene på 1990-talet. Dei utvikla ei felles forståing av truslar og moglegheiter. Truslane var knytt til internasjonal liberalisering av handel med matvarer og deregulering av nasjonal landbrukspolitikk. Moglegheitene låg i å utvikle og selje eit kvalitetsprodukt med ein lokal identitet og merke direkte til forbrukarane. Ei utfordring i så måte var Statens Næringsmiddeltilsyn sine krav til småskalaforedling. I 1996 etablert alle geitostprodusentane i Underdal organisasjonen Underdalsosten på bakgrunn av denne bevisstgjeringsprosessen.

Samarbeidet mellom geitebøndene bak fellesysteriet frå 1980-talet fortsette og vart utdjupa med idear om å utvikle eit nytt ysteri for heilårsproduksjon av ost. Andelslaget Underdal Stølsysteri BA vart difor stifta på slutten av 1990-talet. Føremålet til bedrifta er utvikling av lokale tradisjonar for foredling og omsetjing av produkt med forankring og særpreg slik at det vert best mogleg økonomisk grunnlag for aktiv gardsdrift i bygda. Både brun og ulike slag kvit geitost vert produsert. Osten har eit godt omdømme og har ein etterspurnad som det er vanskeleg å tilfredstille. Gjennom eit samarbeid med den lokale kjøpmannen, Underdalsbui, nyttar ein godt av den kompetansen som er utvikla der gjennom fleire tiår med omsetning av gardsprodukt som smør og ost. Ysteriet har eit fruktbart prosjektsamarbeid med Veterinærinstituttet i Bergen finansiert av Noregs Forskningsråd. I samarbeid med instituttet har ysteriet vorte nytta til å forske på trygg mat frå småskala matproduksjon. Ein av nøkkalaktørane lokalt, mjølkebonden Pascale Baudonnell seier det slik<sup>19</sup>:

Forskarane i Bergen har ikkje prioritert å skrive vitenskaplege artiklar, men jobba med slike som oss på grasrota. Trur det var difor vi fekk avslag på søknaden først, men vi klaga. Forskarane ved Veterinærinstituttet i Bergen er dei første som har gitt oss noko på fag.

Nyskappingsarbeidet skjer gjennom ein vekselverknad mellom individuelle og felles utviklingsprosessar. Både i løpet av utviklinga av ysteriet, i drifta og i nyskaping, vert ekstern kompetanse trekt inn etter behov. T.d. vart det nytta ekstern hjelp under utvikling av omnane og røresystema i ysteriet. I dag nyttar ein ekstern kompetanse i forhold til utvikling av design. Pascale Baudonnell seier at bedrifta legg vekt på å vere sjølvhjelpen<sup>20</sup>:

Vi har ein høg terskel for å søke hjelp. Vi vil prøve å fikse det sjølv. Vi er ikkje konsulentskapt. Trur det er vi som forstår vår problematikk og kjenner produktet best og det vert billigare slik. Det har noko med stoltheit å gjera også. Vi hentar kunnskap når vi stoppar opp. Søkjer nytt, men vi har erfart at konsulentar ikkje skjønner problematikken. Få miljø i Norge har meir kompetanse enn det vi har. Å drøfte med ein kollega kan vere vel så nyttig.

Samla sett har dei tre gardsbruka med seks bønder ein sers mangfaldig kompetanse innan teknisk drift, ysteteknologi og økosystem forståing, strategi og leiing, ostehandtverk, praktisk arbeid m.m. I tillegg gir samarbeidet med den lokale handelsmannen kompetanse innan marknadsføring.

Like viktig som produkt- og produksjonskompetansen har kompetansen utvikla gjennom 20 års læring i å samarbeide vore mellom medlemene i Underdal Stølsysteri. Dette er kompetanse i korleis løyse konflikter og korleis støtte kvarandre.

<sup>18</sup> Sitat henta frå informantintervju.

<sup>19</sup> Sitat henta frå informantintervju.

<sup>20</sup> Sitat henta frå informantintervju.

### Felles erfaringar

Felles for desse tre casebedriftene er at dei ikkje var, eller er, ein del av eit tradisjonelt cluster lokalisert i nærleiken av bedrifta. Entreprenørane som har utvikla desse bedriftene har hatt ein strategisk evne til å knyte til seg naudsynt kompetanse og ressursar, anten eksternt eller i lokalsamfunnet.

Nyskapinga har i stor grad vore avhengig av engasjementet, kompetansen og handlingsevna til dei lokale drivkreftene. Personane som står i spissen for endringane, eldsjelene, mobiliserer andre (lokalsamfunnet eller einskiltpersonar) gjennom sine evner til å tolke nye ramevilkår og til å utvikle felles strategiar og handling.

Eit innovasjonsøkonomisk teoretisk perspektiv tek, i motsetning til tradisjonell vekstteori, utgangspunkt i at mobilisering og kopling mellom ulike type personar, roller og ressursar skaper endring (Håkanson og Waluszewski, 2002; Barney, 1997). Den tilgjengelege ressursen er ikkje gitt, men må mobiliserast og utviklast. Det rettar merksemda mot korleis ein skaper "gode" koplingar mellom eigen og ekstern kompetanse, stadeigne ressursar (natur og kultur), teknologi m.m.. Eit slikt perspektiv er dekkjande for dei endringsprosessane som har føregått i casa omtalt over.

Eit anna viktig element i dei lokale samfunnsnettverka er den rolla *lokal kunnskap* har i utviklinga av bedriftene. Delvis består dette av at bedriftene nyttar seg av lokal tradisjonskunnskap i sjølve produksjonen. Slik kunnskap har i nokre tilfelle i utgangspunktet vore taus kunnskap, som bedrifta har måtte kodifisere for å kunne ta i bruk slik kunnskap. At dette også kan vere kontroversielt viser eksempelet med Undredal stølsysteri og deira langvarige kamp for å få godkjent produksjon av ost basert på upasteurisert mjølk. I andre tilfelle er det kunnskapen som er produktet – som dømet med reiselivsutviklinga i Flåm der ein har forsøkt å kommersialisere lokal kunnskap om natur og kultur i reiselivssamanheng gjennom Fjordbui. Det tredje elementet som gjeld lokal kunnskap er spørsmålet om mangesysleri, der særleg Bionordic AS illustrerar dette poenget. Her har det vore avgjerande at dei einskilde aktørane har hatt ein form for teknisk generalistkompetanse kombinert med ein tilstrekkelig innsikt i økonomiske og organisatoriske forhold. I dømet med Undredal gardsystemer ser vi også at bedrifta har måtte stille opp med teoretisk motekspertise (om osteproduksjon basert på upasteurisert mjølk) i høve offentlege tilsynsorgan (Mattilsynet) i kombinasjon med historisk innsikt om sjølve produksjonsteknologien.

## Om vilkåra for innovasjon i distrikts-Noreg

Vi vil her søkje å knyte våre erfaringar opp til meir grunnleggjande sosiologisk teori, for dermed å seie noko generelt omkring koplinga mellom stabilitet, kreativitet, innovasjon og mangesysleri. Likevel er det altså eit usikkert grunnlag for å generalisere så vidt breitt som vi gjer, men det tener her altså først og fremst som grunnlag for ein tese som det er ønskeleg å arbeide vidare med. Det understrekar eit *forskningsbehov*, *det er viktig å få fram meir empirisk kunnskap om dei småsamfunna og bedriftene det gjeld*. I tillegg til å få fram breiddedata, er det ønskeleg at det vert gjort djupnestudiar i eit utval av samfunna og bedriftene.

Våre case indikerer at eit samband mellom eit mangesysleri (forstått som mangfald i kunnskap og praktiske evner) og innovasjon. Entreprenørane viser evne til å kople saman mange kunnskapselement og praksisformer til eitt samanhengande heile. Dette står i kontrast til den dominerande utviklinga innan så vel vitskap som næringsliv med oppsplitting og einzijdig spesialisering som berande prinsipp. Vi ser at endring og nyskaping i distrikta er avhengig av generalistane både på individ, hushald, bedrifts og samfunnsnivå. Det betyr ikkje at all endring i distrikta skjer på denne måten. For det vi veit kan denne type nyskappingsprosessar også skje i byane, men at den trer tydelegare fram på landsbygda.

Våre case viser dessutan at endring og nyskaping vert stimulert av stabilitet i sosiale relasjonar i lokalsamfunn og i bedriftene. Tillit ser ut til å vere ein føresetnad for innovasjon.

Alain Peyrefitte<sup>21</sup> framhevar *bedrifta med arbeidrarar* som den beste grobott for å så og dyrke tillit. I denne samanhengen må ein ikkje bli villeia av at desse bedriftene også gav grunnlag for konflikter og konfrontasjonar; det finst ingen slik kamp utan tillit. Når dei tilsette kjempa for sine rettar, var det av di dei hadde tillit til "berekrafta" til den ramma deira rettar var innskrivne i; dei stolte på bedrifta som den rette staden å bere oppe deira rettar. Tilliten bygde på at det var rimeleg stabile og forutsjåande rammer. Tilbake gav dei tilsette sin stabilitet; ein arbeidskraft som hadde ein "livstidskontrakt" med bedrifta, og som var stabil tilgjengeleg i bedrifta sitt nærrområde.

I dei seinmoderne, globalt tilpassa og orienterte bedriftene – dei som den nasjonale innovasjonspolitikken i første rekkje skal bidra til å utvikle – er raske omskiftingar – instabilitet – eit avgjerande trekk. Det gjev *ikkje grunnlag for tillit*, ikkje tillit til ein sjølv, ikkje tillit til dei andre, og ikkje tillit til institusjonane. Zygmunt Bauman refererer til Nigel Thrift<sup>22</sup> sine ord: "*Det er sers vanskeleg å byggje opp tillit til organisasjonar som samstundes blir 'nedjusterte', 'nedbemanna' og 'omlagd'*". Det kan vere viktige ord også i høve dei stadige omorganiseringane i offentleg sektor. Slike omorganiseringar fell jo også innanfor det moderne omgrepet om innovasjon, sjølv om det er dei same endringane som vert gjennomførte i alle sektorar – eller verksemder – og i røynda berre er snakk om å kopiere endringar som vert gjort i andre land.

Bauman har i denne samanhengen ein interessant referanse til ei bok av den franske sosiologen Pierre Bourdieu, ein av dei fremste analytikarane – og kritikarane – av nyliberalistiske utviklingstrekk<sup>23</sup>. Bourdieu peikar i boka på sambandet mellom samanbrot i tillit og sviktande vilje til politisk engasjement og kollektiv handling. Han hevdar at evna til å lage projeksjonar for framtida er ein heilt grunnleggjande føresetnad for all "transformerande" tenking og for all innsats for å granske og forandre dei noverande tilhøva; men at det er lite sannsynleg at menneskje som vantar det å kunne halde grepet om notida, maktar å planleggje for framtida.

Det bringer oss avslutningsvis attende til spørsmålet om *innovasjon*, eit omgrep som mest grunnleggjande dreier seg om *endring for framtida*. Men det føreset altså tillit, noko som igjen føreset rimeleg stabilitet. I denne langsiktige og meir strategiske forstand kan innovasjon vere best tent med stabilitet; og tilsvarande verte undergrava av instabilitet i form av stadige omorganiseringar og omstruktureringar. Når vi ser på dei litt lengre historiske liner – og ikkje berre ser på endring frå eit år til det neste – har såleis dei relativt stabile lokalsamfunna vi rettar merksemda mot her evna å vere høveleg innovative. Det er innovasjon for å tene stabiliteten, ikkje for å byggje opp under instabiliteten.

<sup>21</sup> Alain Peyrefitte (1998): *La Societe de Confiance: Essai sur les origines du development*. Paris: Odile Jacob

<sup>22</sup> Nigel Thrift har skrive fleire bidrag til analysane av den sein-moderne, flytande kapitalismen. Sjå m.a. Thrift, N. (1997): "The rise of soft capitalism", *Cultural Values*, 1/1, april 1997, s. 29-57. Bauman byggjer her mykje på Thrift sine arbeid.

<sup>23</sup> Bourdieu, P. (1998): *Contre-feux: Propos pour servir à la résistance contre l'invasion néo-liberale* (Paris: Liber).

## Referansar

Barney, J. (1997): *Gaining and Sustaining Competitive Advantage*. Addison-Wesley Publishing Company.

Brendehaug, E., Winbach, J.E. (2006): *Profilering og sal av småskala aktivitet- og opplevingsprodukt i Aurland kommune*. VF-notat 07/06. Sogndal: Vestlandsforskning.

Brendehaug, E., Winbach, J.E., Aall, C. (2006): *The role of Regional Authorities in the development and promotion of mountain quality products. Studies and analysis from Sogn and Fjordane*. VF-notat. Sogndal: Vestlandsforskning

Håkanson, H., Waluszewski, A. (2002): *Managing Technological Development. IKEA, the Environment and Technology*. Routledge, London.

Hildrum, J., Strand, G. (2006): Overcoming challenges in writing and reflecting about what action researchers do—the promise of the development story, *Systemic Practice and Action Research (SPAR)*, (submitted).

Høyer, K.G. (2004): *Distriktpolitikk og utvikling i Sogn og Fjordane. To innleiingar, ti tesar og ein epilog om utvikling og framtid i eit distriktsfylke*. Sogndal: VF-notat 14/2004. Sogndal: Vestlandsforskning.